

# Statens barnehus

Kven er vi?



# Statens barnehus



Alle menneske har rett til å vere trygge og til å få hjelp dersom dei har det vanskeleg.

Ved mistanke om at eit barn eller ein særleg sårbar vaksen blir utsett for eller er vitne til seksuelle overgrep, vald eller andre potensielt straffbare handlingar, er det viktig at saka blir meld til politiet. Med særleg sårbare vaksne meiner ein personar med psykisk utviklingshemming eller anna funksjonsnedsetjing som medfører same behov for tilrettelagde forhøyr.

Tilrettelagde forhøyr blir gjennomførte i trygge omgivingar på Statens barnehus. Der møter ein sivilkledd politi og eit fagleg team som har spesialisert seg på denne typen saker.

## Kva er eit tilrettelagt forhøyr?

Eit tilrettelagt forhøyr er eit bevisopptak der barn eller andre vitne som er omfatta av lova, forklarar seg i særleg tilrettelagde omgivnader i staden for i retten.

Forhøyra blir tekne opp på video. Reglane for tilrettelagde forhøyr og kven som kan forhøyrast, er styrte av Straffeprosesslova § 239.

## Kor i landet held vi til?

Statens barnehus finst i elleve norske byar. Vi er å finne i Bergen, Bodø, Hamar, Kristiansand, Moss, Oslo, Sandefjord, Stavanger, Trondheim, Tromsø og Ålesund. Enkelte barnehus har avdelingar i andre byar.

## Kvifor har vi barnehus?

- **Tilrettelagt.** Barnehusa er viktige for å gi barn og sårbare vaksne høve til å forklare seg om potensielt belastande og vanskelege opplevingar.
- **Alt på éin stad.** Alle involverte faginstansar er samla, slik at barn og sårbare vaksne slepp å oppsøkje mange ulike tenester og ta opp att historia si gong på gong.
- **Koordinert.** Vi koordinerer oppfølginga mellom barnevern, politi og helsetenester.
- **Avlasting.** For at barnet eller den særleg sårbare vaksne skal sleppe å forklare seg i retten, blir det gjort eit videoopptak av forhøyret som kan spelast av under ei eventuell rettssak.
- **Rettstryggleik.** Høgt fokus på å vareta rettstryggleiken til alle involverte.

## **Kven kjem til barnehuset?**

- Barn under 16 år eller særleg sårbare vaksne som kan ha vore utsette for eller vore vitne til seksuelle overgrep, vald eller andre potensielt straffbare handlingar.
- Politiet kan også gjennomføre tilrettelagde forhøyr av barn mellom 16 og 18 år i saker som gjeld incest, søskenincest eller seksuell omgang med nærstående.
- Også mindreårige som er mistenkte for alvorlege lovbrøt, kan etter vurdering forhøyrast av politiet ved barnehusa.
- Utover dette kan politiet vurdere at andre grupper skal forhøyrast i politiforhøyr.

## **Kva skjer på barnehuset?**

- Tilrettelagde forhøyr
- Politiforhøyr
- Medisinske undersøkingar og tannhelseundersøkingar
- Handsaming og oppfølging
- Kontakt og koordinering med andre instansar som t.d. barneverntenesta
- Konsultasjon og rettleiing til offentlege og private aktørar



**POLITIET**



**STATENS BARNEHUS**  
Et tverrfaglig kompetansehus